



Heilt ned på lydnivå

Libanon og palestinske flyktningar: Assosiasjonane vi får er ikkje akkurat lyden av skulebarn som øvar på instrument. For Ida Rønshaugen er det lydane frå ferske musikantar.

Ida Rønshaugen kom nett att frå Libanon, der ho har bidrege i eit musikkprosjekt i ein palestinsk flyktningleir. Ida leverte masteroppgåva si ved NMH i juni i år og jobbar med instrumentopplæring, som frilans musikal og lærar på musikklina ved Vinstra vidaregåande skule.



tekst og foto:
GURO VOLLEN
guro@dolen.no

Ida Rønshaugen frå Harpefoss har akkurat kome attende frå ein varm og innhaldsrik tur til Libanon, og FN-flyktingleiren Rashidieh i nærleiken av byen Tyre.

TRE GENERASJONAR

For musikkpedagogen og saksofonisten frå Sør-Fron er det mildt sagt uvante tilstandar. Ein halv kvadratkilometer husar opp mot 32 000 menneske. Dei som bur her er palestinske flyktingar, mange av dei tredje-generasjons flyktingar. Kontrastane til det heimlege kulturlandskapet ho står i er enorme, på fleire måtar.

– Ungane i leiren er jo født her, og har budd der heile livet. Ofte er også foreldra fødd der, og det går eigentleg ikkje an å forestille seg, seier Ida Rønshaugen.

Ho fortel om møte med ei kvinne på 60 år, i flyktingleiren Shatila.

– Eg prata med ei kvinne som var seksti år, og som hadde budd der heile livet. Ho hadde alltid følt seg som ein flykting, seier Ida

Norske musikkpedagogar, to lærarar frå Norges musikkhøgskule, reiser nedover 5-6 gonger årleg og har musikkauktar med barna i Beit Atfal-senteret i leiren, og med opplæring av dei lokale musikklerarane der. Barna har musikkøving to gonger i veka på senteret med desse lokale lærarane, finansiert av den norske organisasjonen Forum for kultur og internasjonalt samarbeid.

– For folk i leiren var det veldig framandt med opplæring i musikk. Det vart litt lettare å få aksept når folk forsto at det ikkje var for at ungene skulle bli musikar som yrke, fortel ho.

NORSK PÅ REPERTOARET

Så nå syng og spelar ungene ved Beit Atfal-senteret både Vamp, Alexander Rybak og Carpe Diem, i tillegg til songar frå eigen kultur. Ho tykkjer det har skjedd noko med ungene sidan ho var her sist, som student. At ungene verkar gladare, og fnisar og ler meir, som ungar skal.

– Vi har øvd inn Påfugl av Carpe Diem, da syng vi på norsk i refrenget, og så lagar dei eigne tekster på arabisk til versa, fortel Ida.

Perspektivet er fascinerande. Den storpolitiske konflikten mellom Israel og Palestina blir annleis sett inne frå leiren, der Rønshaugen og dei andre jobbar med ungar og møter folka som lever midt oppi den.

– Dei fleste av dei som bur her, har budd her heile livet. Leiren ligg i Libanon, men dei blir aldri libanesarar, og dei blir heller aldri israelarar. Dei har den palestinske identiteten sterkt knytt til seg, men har ikkje sett heimlandet sitt, dei fleste av dei. Moglegheitene for å koma seg ut av leiren er også små, fortel Ida.

Dei palestinske flyktingane har ikkje statsborgarskap og dei får heller ikkje lov å eige hus i Libanon. – Dei får og svært sjeldan jobb utanfor leiren, og dei som er heldige og får det, tener kun ein brøkdel av kva ein libanesar i same stilling hadde kome til å tent, fortel ho.

Ut eller inn av leiren må ein gjennom libanesisk grensekontroll, og for å koma inn må ein ha pass og papir på løyve til innpass til leiren klart. Det kan gå heilt greitt, på berre nokre minutt, eller det kan stoppe heilt opp.

Mange vel å ikkje reise ut av leiren. Det er vanskeleg å få jobb, og uansett vanskeleg for ein palestinsk flykting og få seg jobb der. Det er



>>



Barn og unge frå flyktningeleiren Rashidieh får musikkopplæring gjennom prosjektet Ida Rønshaugen har vore med på. Foto: Privat.

ein rekke jobbar det ikkje er lov å utføre for ein palestinar.

MOTSTAND TIL MUSIKKEN

Midt i dette er ho og dei andre musikkpedagogane – heilt ned på det vesle perspektivet i læring over ein xylofon eller i eit vers frå ein norsk song. Gjennom musikk har ungane moglegheit til å konsentrere seg og fordjupe seg i noko som kan ta tankane vekk frå kvardagen dei lever i.

– Vi må gjera ting annleis i ein slik setting, med ulike språk, instrument og aldrar. Det blir meir å vise enn å prate, for å vise korleis ein kan bruke musikk til å koma litt bort i frå den harde kvardagen, seier Ida Rønshaugen.

Det er nyttig å ta med seg også i arbeid heime. Til å byrje med møtte prosjektet motstand.

Mange meinte det ville vere betre å sende medisinstudentar, til leiren som har ein lege på deling. Det var i 2002. Rønshaugen seier at haldninga har endra seg, og at folk ser at livskvaliteten til ungane har auka.

Ida var med til Rashidieh allereie som student ved musikkhogskulen, og var der i fleire veker den gongen i 2009, i det same prosjektet.

Engasjementet hennar heldt seg, og denne gongen var ho engasjert som musikkpedagog gjennom NMH. Møte med ungar og ungdom var like sterkt som sist.

RINGVERKNADER

Songen Påfugl av Carpe Diem var ein av songane dei har jobba med. Refrenget vart sunge på norsk, medan elevane sjølv skreiv sine vers.

– Det var ikkje lett å halde maska, da verset til ein 17-åring blir oversett til norsk. Ho skildrar livet i leiren, og om det å vera født som flyktning, om dei minimale sjansane til å koma seg ut, og med eit spørsmål om vi ikkje kan leve side om side, kristne jødar og muslimar, fortel Ida.

– Da måtte eg ta ei pause, gå på do og ta meg saman, før eg klarte og gå vidare.

At prosjektet har nytte, er ho sikker på. Musikk-

pedagog Vegar Storsve er mannen bak prosjektet, og han har også vunne innverknad på libanesiske skular utanfor leiren. Her er det sett i gang med musikk i skulen etter same mønster.

– Eg kjenner veldig når eg er der, at eg er til nytte, fordi eg ser musikken har veldig mykje å seie for dei eg møter ein til ein, seier ho.

Den kjensla har ho, til tross for at ein ikkje får gjort noko med den store overhengande konflikten som er grunnen til at leiren eksisterer.

✱ FAKTA OM RASHIDIEH OG PROSJEKTET:

✓ Meir enn 31 000 registrerte flyktningar. Dei fleste i leiren er mellom 13 og 25 år gamle.

✓ Fire skular, inkludert ein ungdomsskule, eitt helsesenter.

✓ Den eldste delen oppretta av franske myndigheiter for armenske flyktningar i 1936, medan den nye delen er frå 1963, bygd av FN for palestinske flyktningar evakuert frå leire i andre delar av Libanon.

Mange av husværa treng omfattande renovering. Det er ikkje noko avløps-system.

✓ Forum for kultur og internasjonalt samarbeid er ei humaniter stifting, som jobbar med visuell kunst, musikk og litteratur retta mot barn og unge i Libanon, Norge og

Uganda, gjennom opplæring og utveksling. FORUMs hovudsamarbeidspartner i Libanon er Beit Atfal Assumoud. Forum sørger for oppfølging av prosjektet og skoling av dei lokale lærarane gjennom workshops fleire gonger i året, samt innsamling og innkjøp av materiell og instrument.

✓ Prosjektet brukar musikk, metodar og instrument frå mange ulike kulturar og legg vekt på musikk-aktivitetar med sosiale og læringsfremmande kvalitetar. Leik, trygghet, glede, meistring og samspel viktig. Tradisjonell arabisk dans og musikk har òg stor plass.

Kjelder: UNRWA/FN og interculture.no

– Men det er eit prosjekt der eg kan bidra med det eg kan. Og det kan godt hende at eg reiser ned dit att, dersom eg får moglegheita, seier ho.

STOLTHEIT I DET VESLE

Sjølve senteret der undervisninga går føre seg, er i følgje Ida heilt greie. Det er fyrst når ein blir bedt med heim til nokon at ein ser korleis tilhøva for dei som lever i leiren er. Ida var på besøk hjå ein familie med mor, far og fem ungar. Berre mora og dei tre yngste ungane var heime i det vesle husværet.

– Faren i familien er sjuk, men hadde leigd seg ein bil som han hadde litt inntekt på å køyre drosje med, fortel Ida. Mora var og sjuk.

Dei har eitt rom, ei seng, madrassar stabla opp på eine sida om dagen. Nokre plaststolar og eit plastbord. Eit kjøkken; inne på same rommet, og ein slags do bakom, som var eit hol i golvet. Ein vasslange med vatn til dusj.

– Men det er heilt reint alle stader, og alle har reine klede. Dei legg stoltheita si i det, tur eg, seier ho.

Det er eitt av inntrykka frå leiren. Ho seier ein kunne forvente meir nedstemtheit, men finn livskraft og glede.

– Det inspirerer at dei gjer det beste ut av det dei har. Samstundes som dei ønskjer å syne korleis dei har det, fordi dei vil at vi skal ta med historia deira vidare, seier ho.

LÆRING MED HEIM

Som musikkpedagog kan det også vera mykje bra å ta med frå eit slik opphald, trur Ida.

– Ubevisst kan det nok synast i måtar å jobbe på, med meir speling og mindre prat, seier ho.

Dessutan trur ho at det må gå an å nokre gonger berre kjøre på, litt i motsetnad til den måten ein ofte tenkjer stein på stein i undervisninga.

– Ofte tenkjer vi at ungane må ha lært noko «godt nok» før vi går vidare, men kanskje kan det vera lurt å speede på litt innimellom, og la element få falle på plass etter kvart, seier ho.

– Kanskje må vi tørre og feile litt meir, seier ho.



Barn og unge frå flyktningeleiren Rashidieh får musikkopplæring gjennom prosjektet Ida Rønshaugen har vore med på. Foto: Privat.

ein rekke jobbar det ikkje er lov å utføre for ein palestinar.

MOTSTAND TIL MUSIKKEN

Midt i dette er ho og dei andre musikkpedagogane – heilt ned på det vesle perspektivet i læring over ein xylofon eller i eit vers frå ein norsk song. Gjennom musikk har ungane moglegheit til å konsentrere seg og fordjupe seg i noko som kan ta tankane vekk frå kvardagen dei lever i.

– Vi må gjera ting annleis i ein slik setting, med ulike språk, instrument og aldrar. Det blir meir å vise enn å prate, for å vise korleis ein kan bruke musikk til å koma litt bort i frå den harde kvardagen, seier Ida Rønshaugen.

Det er nyttig å ta med seg også i arbeid heime.

Til å byrje med møtte prosjektet motstand. Mange meinte det ville vere betre å sende medisinstudentar, til leiren som har ein lege på deling. Det var i 2002. Rønshaugen seier at haldninga har endra seg, og at folk ser at livskvaliteten til ungane har auka.

Ida var med til Rashidieh allereie som student ved musikkhogskulen, og var der i fleire veker den gongen i 2009, i det same prosjektet.

Engasjementet hennar heldt seg, og denne gongen var ho engasjert som musikkpedagog gjennom NMH. Møte med ungar og ungdom var like sterkt som sist.

RINGVERKNADER

Songen Påfugl av Carpe Diem var ein av songane dei har jobba med. Refrenget vart sunge på norsk, medan elevane sjølv skreiv sine vers.

– Det var ikkje lett å halde maska, da verset til ein 17-åring blir oversett til norsk. Ho skildrar livet i leiren, og om det å vera født som flyktning, om dei minimale sjansane til å koma seg ut, og med eit spørsmål om vi ikkje kan leve side om side, kristne jodar og muslimar, fortel Ida.

– Da måtte eg ta ei pause, gå på do og ta meg saman, før eg klarte og gå vidare.

At prosjektet har nytte, er ho sikker på. Musikk-

pedagog Vegar Storsve er mannen bak prosjektet, og han har også vunne innverknad på libanesiske skular utanfor leiren. Her er det sett i gang med musikk i skulen etter same mønster.

– Eg kjenner veldig når eg er der, at eg er til nytte, fordi eg ser musikken har veldig mykje å seie for dei eg møter ein til ein, seier ho.

Den kjensla har ho, til tross for at ein ikkje får gjort noko med den store overhengande konflikten som er grunnen til at leiren eksisterer.

FAKTA OM RASHIDIEH OG PROSJEKTET:

✓ Meir enn 31 000 registrerte flyktningar. Dei fleste i leiren er mellom 13 og 25 år gamle.

✓ Fire skular, inkludert ein ungdomsskule, eitt helse-senter.

✓ Den eldste delen oppretta av franske myndigheiter for armenske flyktningar i 1936, medan den nye delen er frå 1963, bygd av FN for palestinske flyktningar evakuert frå leire i andre delar av Libanon.

Mange av husværa treng omfattande renovering. Det er ikkje noko avløps-system.

✓ Forum for kultur og internasjonalt samarbeid er ei humaniter stifting, som jobbar med visuell kunst, musikk og litteratur retta mot barn og unge i Libanon, Norge og

Uganda, gjennom opplæring og utveksling. FORUMs hovudsamarbeidspartner i Libanon er Beit Atfal Assumoud. Forum sørgjer for oppfølging av prosjektet og skoling av dei lokale lærarane gjennom workshops fleire gonger i året, samt innsamling og innkjøp av materiell og instrument.

✓ Prosjektet brukar musikk, metodar og instrument frå mange ulike kulturar og legg vekt på musikk-aktivitetar med sosiale og læringsfremmande kvalitetar. Leik, tryggleik, glede, meistring og samspel viktig. Tradisjonell arabisk dans og musikk har òg stor plass.

Kjelder: UNRWA/FN og interculture.no

– Men det er eit prosjekt der eg kan bidra med det eg kan. Og det kan godt hende at eg reiser ned dit att, dersom eg får moglegheita, seier ho.

STOLTHEIT I DET VESLE

Sjølve senteret der undervisninga går føre seg, er i følgje Ida heilt greie. Det er fyrst når ein blir bedt med heim til nokon at ein ser korleis tilhøva for dei som lever i leiren er. Ida var på besøk hjå ein familie med mor, far og fem ungar. Berre mora og dei tre yngste ungane var heime i det vesle husværet.

– Faren i familien er sjuk, men hadde leigd seg ein bil som han hadde litt inntekt på å køyre drosje med, fortel Ida. Mora var og sjuk.

Dei har eitt rom, ei seng, madrassar stabla opp på eine sida om dagen. Nokre plaststolar og eit plastbord. Eit kjøkken; inne på same rommet, og ein slags do bakom, som var eit hol i golvet. Ein vasslange med vatn til dusj.

– Men det er heilt reint alle stader, og alle har reine klede. Dei legg stoltheita si i det, tur eg, seier ho.

Det er eitt av inntrykka frå leiren. Ho seier ein kunne forvente meir nedstemtheit, men finn livskraft og glede.

– Det inspirerer at dei gjer det beste ut av det dei har. Samstundes som dei ønskjer å syne korleis dei har det, fordi dei vil at vi skal ta med historia deira vidare, seier ho.

LÆRING MED HEIM

Som musikkpedagog kan det også vera mykje bra å ta med frå eit slik opphald, trur Ida.

– Ubevisst kan det nok synast i måtar å jobbe på, med meir speling og mindre prat, seier ho.

Dessutan trur ho at det må gå an å nokre gonger berre kjøre på, litt i motsetnad til den måten ein ofte tenkjer stein på stein i undervisninga.

– Ofte tenkjer vi at ungane må ha lært noko «godt nok» før vi går vidare, men kanskje kan det vera lurt å speede på litt innimellom, og la element få falle på plass etter kvart, seier ho.

– Kanskje må vi tørre og feile litt meir, seier ho.

Dølen

– for døl og dal



Musikk- lærer i flyktningleir

Saksofonisten Ida Rønshaugen frå Sør-Fron har vore musikk lærar blant palestinske flyktningar i Libanon.

MAGASIN SIDE 20